

Eksamen

25.05.2021

HES2001 Helsefremjande arbeid / Helsefremmende arbeid

Programområde: Helseservicefag

LK06

Nynorsk

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timar.
Hjelpemiddel	Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå ope Internett, samskriving, chat og andre moglegheiter for å kunne utveksle informasjon med andre.
Bruk av kjelder	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrifter eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Informasjon om vurderinga	<p>Karakteren blir fastsett etter ei heilskapleg vurdering av arbeidet kandidaten utfører på eksamensdagen.</p> <p>Det blir lagt vekt på at</p> <ul style="list-style-type: none">• kandidaten viser faglege kunnskapar, ferdigheiter og haldningar i tråd med kompetansemåla i læreplanen• kandidaten knyter fagstoffet til yrket kandidaten oppgir• kandidaten grunngir og reflekterer over det som blir lagt fram: kva, korleis og kvifor
Andre opplysningar	Eksamensrettleiinga med kjenneteikn på kompetanse finn du her: https://www.vigoiks.no/eksamen/eksamensveiledninger/
TIPS TIL DEG SOM AKKURAT HAR FÅTT EKSAMENSOPPGÅVA:	
<ul style="list-style-type: none">• Start med å lese oppgåveinstruksen godt.• Hugs å føre opp kjeldene i svaret ditt dersom du bruker kjelder.• Les gjennom det du har skrive, før du leverer.• Bruk tida. Det er lurt å drikke og ete undervegs.	

Lykke till!

Situasjonsbeskriving

Du er tilsett i Helseservice AS. Vel eitt av desse yrka, og oppgi kva for eit av dei du har valt:

- apotekteknikar
- helsesekretær
- tannhelsesekretær
- portør

Oppgåve 1

På jobb i dag møter du familien Hussein, som består av mor, far og tre barn. Dei er flyktningar og kom til Noreg våren 2020. Det er pandemi, og det blir fokusert sterkt på smitteførebyggande tiltak i samfunnet. Mora Aya har vore sjuk med forkjøling og feber og hostar framleis mykje. Ho er testa for korona, og testen var negativ.

Familien bur trongt. Dei ønsker informasjon om kva dei kan gjere for å unngå smitte.

- a) Bruk smittekjeda, og gjer greie for aktuelle smitteførebyggande tiltak for familien.
- b) Kva gjer du for å ha eit godt smittevern og gode hygienerutinar i arbeidskvardagen din på Helseservice? Utdjup og grunngi svaret.

Oppgåve 2

Aya Hussein har opplevd det stressande å flytte til Noreg. Ho saknar familien og nettverket sitt i heimlandet. Aya føler seg trøyt, bleik og slapp etter infeksjonen og opplever at allmenntilstanden framleis er litt nedsett. Ho ber om råd knytt til immunforsvaret.

- a) Ta utgangspunkt i Ayas situasjon. Kva inneber det at allmenntilstanden er nedsett, og kva kan du observere?
- b) Gjer greie for korleis psykiske faktorar kan påverke immunforsvaret.
- c) Korleis kan individuelle og miljømessige faktorar påverke den psykiske og fysiske helsa?

Oppgåve 3

Faren i familien, Ali Hussein, er 50 år og har i lengre tid slite med helsa. Han er overvektig, røyker og et mykje feit og fritert mat. Han ønsker å få hjelp til å endre livsstil for å få betre helse.

- a) Ta utgangspunkt i Alis situasjon, og gi han råd og rettleiing om kva han sjølv kan gjere for å endre livsstil og få ei betre helse. Utdjup og grunngi svaret.
- b) Ali ønsker å slutte å røyke. Rettlei Ali om reseptfrie legemiddel ved røykeslutt.
- c) Vurder kva for konsekvensar Alis dårlege levevanar kan få for familien.

Bokmål

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timer.
Hjelpemidler	Alle hjelpemidler er tillatt, unntatt åpent Internett, samskriving, chat og andre muligheter for å kunne utveksle informasjon med andre.
Bruk av kilder	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrifter eller sitater fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Informasjon om vurderingen	<p>Karakteren fastsettes etter en helhetlig vurdering av arbeidet kandidaten utfører på eksamensdagen.</p> <p>Det blir lagt vekt på at</p> <ul style="list-style-type: none">• kandidaten viser faglige kunnskaper, ferdigheter og holdninger i henhold til kompetansemålene i læreplanen• kandidaten knytter fagstoffet til yrket kandidaten oppgir• kandidaten begrunner og reflekterer over det som legges fram: hva, hvordan og hvorfor
Andre opplysninger	Eksamensveiledningen med kjennetegn på kompetanse finner du her: https://www.vigoiks.no/eksamen/eksamensveiledninger/
TIPS TIL DEG SOM AKKURAT HAR FÅTT EKSAMENSOPPGAVEN:	
<ul style="list-style-type: none">• Start med å lese oppgaveinstruksen godt.• Husk å føre opp kildene i svaret ditt dersom du bruker kilder.• Les gjennom det du har skrevet, før du leverer.• Bruk tiden. Det er lurt å drikke og spise underveis.	

Lykke til!

Situasjonsbeskrivelse

Du er ansatt i Helseservice AS. Velg ett av disse yrkene, og oppgi hvilket av dem du har valgt:

- apotektekniker
- helsesekretær
- tannhelsesekretær
- portør

Oppgave 1

På jobb i dag møter du familien Hussein, som består av mor, far og tre barn. De er flyktninger og kom til Norge våren 2020. Det er pandemi, og det blir fokusert sterkt på smitteforebyggende tiltak i samfunnet. Moren Aya har vært syk med forkjølelse og feber og hoster fortsatt mye. Hun er testet for korona, og testen var negativ. Familien bor trangt. De ønsker informasjon om hva de kan gjøre for å unngå å bli smittet.

- a) Bruk smittekjeden, og gjør rede for aktuelle smitteforebyggende tiltak for familien.
- b) Hva gjør du for å ha et godt smittevern og gode hygienerutiner i arbeidshverdagen din på Helseservice? Utdyp og begrunn svaret.

Oppgave 2


Aya Hussein har opplevd det stressende å flytte til Norge. Hun savner familien og nettverket sitt i hjemlandet. Aya føler seg trett, blek og slapp etter infeksjonen og opplever at allmenntilstanden fortsatt er litt nedsatt. Hun ber om råd knyttet til immunforsvaret.



- a) Ta utgangspunkt i Ayas situasjon. Hva innebærer det at allmenntilstanden er nedsatt, og hva kan du observere?
- b) Gjør rede for hvordan psykiske faktorer kan påvirke immunforsvaret.
- c) Hvordan kan individuelle og miljømessige faktorer påvirke den psykiske og fysiske helsen?

Oppgave 3

Faren i familien, Ali Hussein, er 50 år og har i lengre tid slitt med helsen. Han er overvektig, røyker og spiser mye fet og fritert mat. Han ønsker å få hjelp til å endre livsstil for å få bedre helse.

- a) Ta utgangspunkt i Alis situasjon, og gi ham råd og veiledning om hva han selv kan gjøre for å endre livsstil og få en bedre helse. Utdyp og begrunn svaret.
- b) Ali ønsker å slutte å røyke. Veiled Ali om reseptfrie legemidler ved røykeslutt.
- c) Vurder hvilke konsekvenser Alis dårlige levevaner kan få for familien.





www.vigoiks.no/eksamen